

Metoderapport SKUP

# Frykt, uro, konflikt i Helse Førde

Korleis NRK avdekkja kritikkverdig leiarstil hjå toppleiinga  
og massiv mistillit i organisasjonen,  
og korleis vi jobba med kjelder i eit helseføretak sterkt prega av frykt



**Journalist:**  
Odd Helge Brugrand  
Tlf.: 400 65 069

**Redaksjon:**  
NRK Sogn og Fjordane  
Prestebøen 2  
6809 FØRDE

## **Samandrag**

NRK Sogn og Fjordane har avslørt og sett søkjelys på ei rekke alvorlege tilhøve ved helseføretaket Helse Førde.

Vi har avdekka:

- \*\*Varslarsak mot viseadministrerande direktør som mellom anna botna i kritikkverdig leiarstil
- \*\*Massiv mistillit frå eit nesten samla tillitsmannsapparat mot heile den sitjande føretaksleiinga
- \*\*At eit tosifra tal medarbeidarar, i hovudsak direktørar/leiing, gjennom fleire år hadde flykta frå jobbane sine grunna viseadministrerande direktør sin leiarstil
- \*\*Djupe motsetningar og manglande tillit mellom toppleiringa og organisasjonen
- \*\*Eit helseføretak prega av frykt og misnøye

Gjennom tolmodig kvardagsgraving i eit lite lokalsamfunn gjennom nesten eitt år, jobba NRK Sogn og Fjordane fram ein lang serie med artiklar og radioinnslag om desse tilhøva.

Dette skjedde med eit omfattande kjeldearbeid, med opne og lukka, skriftlege og munnlege kjelder, der dei sentrale kjeldene frykta represaliar - ein risiko vi hadde grunn til å tru var reell og som vi måtte ta ekstra omsyn til.

Anonyme e-postar og hemmeleg brev levert av ukjende ved bakdøra ein sein kveldstime, var hendingar som utspelte seg gjennom arbeidet. Dette gav oss ekstra utfordringar.

Då arbeidet fekk ein ende sommaren 2017, hadde Helse Førde blitt granska av eksterne konsulentar og fått kritikk. Viseadministrerande direktør Vidar Vie hadde slutta i jobben. Det hadde også administrerande direktør Jon Bolstad.

## Innleiing

Metoderapporten vil vise korleis NRK Sogn og Fjordane jobba med å avdekka alvorlege tilhøve i Helse Førde.

Den vil vise korleis vi møtte ein fryktkultur som verka å vere massiv og dominerande, der vi gjennom eit høgt tresifra tal samtalar med kjelder, opplevde at nesten alle var talevillige, og at mange av dei hadde sterke meiningar. Men at svært få ville attgje innhaldet offentleg, bli sitert på noko - eller at dei med ulike metodar unngjekk å seie noko offentleg.

Det oppsiktsvekkjande var at dette også gjaldt enkelte tillitsvalde, både i organisasjonen og regionalt.

Rapporten vil komme inn på problemstillingar og metodar for korleis nødvendig informasjon kunne kome til redaksjonen på andre måtar enn ved å eksponere redde kjelder.

Og den vil komme inn på etikk og dei etiske problemstillingane som dukka opp, og vala som måtte takast underveis.

Metoderapporten vil syne kva påverknad redaksjonen og journalisten vart utsett for under arbeidet, både frå personar saka gjaldt, og frå publikum i eit lite lokalsamfunn.

Vi brukte mest tid på strategisk kjeldearbeit. Rapporten vil vise at den klassiske journalistiske gravemetoden, nemleg samtalar med folk, og så mange relevante folk som mogleg, framleis står som den viktigaste arbeidsmetoden, sjølv om vi kombinerer det med nye verktøy og kommunikasjonsmåtar.

Den vil også vise det som kollegaer i tidlegare metoderapportar til SKUP har peika på; at sjølv om personkjelder i seg sjølv har avgrensa bruksverdi, er både dei, og kontakten med dei, uvurderlege både som kjelder til dokumentasjon, og til korleis finne denne dokumentasjonen.

Folk kan nemleg sitje med utløysande dokumentasjon i skuffer og skåp, eller som i eit av våre tilfelle; sirkulere anonymt frå hand til hand mellom tilsette i eit helseføretak.

Utan slik personleg kontakt klarer journalistar aldri å komme innafor, og sjeldan i mål med tunge gravesaker, sjølv i vår multimediale kvardag.

## Korleis arbeidet kom i gong

Det hadde ulma i mange år i Helse Førde. Fleire gonger og med varierande styrke hadde uro i organisasjonen og skuldingar mot toppleiinga komme fram i offentlegheita.

Kritikk og skuldingar hadde til dømes følgt administrerande direktør Jon Bolstad frå berre kort tid etter at han starta i jobben i 2004.

Historia viser at ting ikkje alltid er enkle i eit helseføretak. Og i Sogn og Fjordane har vi i tillegg hatt ein opprivande sjukehusstrid i fleire tiår. Men kritikken mot toppleiaren har opp gjennom åra ikkje berre botna i desse klassiske motsetnadane.

Det var kritikk for at administrerande direktør tilsette ein kollega frå sin tidlegare arbeidsplass utan utlysing, berre kort tid etter han byrja i Helse Førde. Seinare kom «sofasaka», der administrerande direktør fekk kritikk for å bruke store summar på ein designsofa til eige kontor. Og med ujamne mellomrom har det kome skuldingar om at det var «lågt under taket» i organisasjonen. Folk som tala leiinga i mot, hevda at dei vart utsett for ulike «represaliar» ved neste krossveg eller ved eit seinare høve.

Spesielt kraftig blæs det mot toppleiinga då omorganiseringa av lokalsjukehusa i Lærdal og på Nordfjordeid fekk sjukehusstriden til å blusse opp att i åra rundt 2011. «Bolstad må gå» og «mistillit» var nemnt i nyheitsoppslag, framført i ulike formar av tilsette eller tillitsvalde.

Bolstad vart oppfatta som å operere i par med sin viseadministrerande direktør Vidar Vie i toppleiinga. Og ein raud tråd i kritikken var ofte, i ein eller annan form, leiarstilen til toppleiinga.

Men så, seinhaustes, gjekk loket av trykkokaren.

Etter eit forsøk på ei omorganisering i helseføretaket sommaren før, som spesielt ville råke sentralsjukehuset i Førde, eskalerte situasjonen.

Ein medarbeidar varsla viseadministrerande direktør Vidar Vie inn for styre i helseføretaket. Innhaldet var prosessen rundt omorganiseringa, skuldingar om trakkassering, og mot leiarstilen hans.

Samstundes varsla eit nesten samla tillitsmannsapparat i Helse Førde (10 fagforbund for nesten 2 500 tilsette) mistillit mot heile den sitjande føretaksleiinga, med administrerande direktør Jon Bolstad i spissen.

I løpet av eit par veker kom det ulike hint og tips både til NRK Sogn og Fjordane sin redaksjon og direkte til journalist Odd Helge Brugrand. Konkret sirkla tipsa rundt varslarsaka mot viseadministrerande direktør.

Redaksjonsleiinga rydda plass i vaktlister og turnusar for at journalist Brugrand kunne byrje å nøste i opplysningane. Og det tok ikkje lang tid før det stod klart for oss at vi stod ovanfor ein situasjon hjå fylkets største arbeidsplass som oppfyller det journalistikk i bunn og grunn er meint for.

Fysisk avskilt frå redaksjonen, på eit lite hjørnekontor, byrja journalisten å ta kontakt med dei første kjeldene. I andre enden svarte ivrige, men etter kvart hissige stemmer.

Det var napp. Og starten på eit langt år med tolmodig gravearbeid.

## **Kva var den sentrale problemstillinga ved starten av prosjektet, og korleis endra dette seg undervegs?**

Etter å ha verifisert at det faktisk var noko på gong i Helse Førde, fekk vi først stadfesta at det gjaldt ei varslarsak mot viseadministrerande direktør spesielt, og helseføretaket generelt.

Men vi såg konturane av at her var noko meir, og noko «større» enn tidlegare. Og at dette hadde kome i kjølvatnet av eit forsøk på omorganisering, mellom anna for å tilpasse helseføretaket til «Pasientens helseteneste». Og at forsøket nettopp var blitt mykje leia av viseadministrerande direktør - som varselet gjaldt.

Då måtte vi stille oss nokre viktige spørsmål og krav:

- Vi må ikkje bli (for mykje) brukta i ein maktkamp. Som nemnt har vi hatt sjukehusstrid i Sogn og Fjordane. Og i eit helseføretak kan det vere revirkampar.
- Var motivet motstand mot ei nødvendig endring?
- Kven er dei som har gjort oss merksame på situasjonen. Kva er deira agenda?
- Vi kom neppe til å få innsyn i dei vesentlege delane av varslingsdokumentet. Kva kjelder må vi då etablere? Og kva agenda kan dei ha?
- Her måtte vi trø ekstra varsamt. Ikkje minst bruke ekstra tid på å verifisere opplysningane, og undersøkje motiva til kjeldene som vi stadig skaffa oss og vart fortrulege med.

- Fryktkultur. Korleis unngå å eksponere redde kjelder i arbeidet? Vi måtte vere merksame på at små detaljar kunne avsløre kven kjeldene var. Sjølv vidaresending av e-postar kan sporast.

Etter første publisering utvikla saka seg til meir enn «berre» ei varslarsak. Det viste seg at det også hadde kome inn ei sak der eit samla tillitsmannsapparat i Helse Førde varsla mistillit mot heile den sitjande føretaksleiinga.

- Situasjonen er meir djuptgripande enn berre ein konflikt mellom medarbeidar og leiar.
- Situasjonen i fylkets største arbeidsplass og i helseføretaket var verre enn på lenge. Alt hadde offentlegheitenes interesse, og situasjonen trengte truleg flaumlys.

Det dukka opp eit anonymt brev med krasse åtak mot viseadministrerande direktør sin leiarstil. Brevet sirkulerte mellom tilsette på helseføretaket, og hevda at eit tosifra tal leiarar hadde flykta frå helseføretaket grunna leiarstilen.

- Anonyme påstandar i eit usignert og udatert brev. Korleis få tak i det, og takle innhaldet i det?
- Innhaldet stemte over eins med tidlegare kritikk og varslarsaka. Men vi publiserer ikkje udokumenterte påstandar og rykte.
- Innhaldet er alvorleg og har off. interesse. Korleis få verifisert innhaldet?

Helseføretaket vart granska og fekk kritikk. Tiltak mot det som granskingsrapporten peika på, vart sett i verk. Viseadministrerande direktør hadde slutt i jobben. Likevel var det ikkje ro. Legeforeiningane ville ha administrerande direktør vekk og bad styret gjere «radikale endringar».

- Openbert ein maktkamp. Kor mykje skal vi late oss bruke?
- Samstundes var dette framhaldet av ei stor sak som har sett dagsorden både i media og hjå helseføretaket, og som har fått konsekvensar.

Problemstillingane utvikla seg altså med saka. Vi måtte stadig tenke oss om, samstundes som sakas utvikling måtte følgast opp.

## Kva var nytt?

- Ein medarbeidar hadde gått til det steget å varsle ein person i toppleiinga inn for styret. Dette hadde ikkje skjedd før, tross i fleire år med kritikk mot, og uro rundt, leiinga.
- Varselet gjaldt leiarstil, nettopp det uroa og kritikken hadde sirkla rundt. Varselet gjorde at leiarstilen var blitt offisielt tema for første gong.
- At eit anonymt brev som påstod at sentrale medarbeidarar flykta frå helseføretaket grunna leiarstil, sirkulerte frå hand til hand på sentralsjukehuset, understreka alvoret i situasjonen
- Nesten alle tilsette reiste seg mot den sitjande føretaksleiinga, samstundes og i samla flokk. 10 fag forbund representerer, med unntak av nokre titals tilsette i dei to resterande forbunda, alle 2 500 tilsette i Helse Førde
- Ingen ville snakke offentleg. Teke til vitande at folk plassert i ulike rollar aldri hadde hatt vanskar med å rette kritikk mot Helse Førde tidlegare, var dette uvant. Frykta rådde i og rundt helseføretaket.

## Arbeidet med saka

Vi går tilbake til starten av arbeidet. Då var aller første utfordring sjølvsagt å få tak i innhaldet i varselet. Vi skjønte at styret hadde handsama varselet allereie, bak lukka dører. Helse Førde viste til rette paragrafar for ikkje å gje innsyn. Så langt teikna ein klassisk situasjon seg opp.

Vi hadde brukt mykje tid på kjeldene som hadde kome til oss, og vi brukte tid på å finne nye og skape eit tillitsforhold til dei.

Samstundes var jobben i gong med det som vart hovudarbeidsmetoden i dette lange arbeidet, nemleg å snakke med folk - mange folk.

Varslardokumentet fekk vi likevel aldri fysisk i hende. Vi trengte det til slutt heller ikkje. Svært gode kjelder gav oss innhaldet, og det var til slutt tilstrekkeleg å be om stadfestinga hjå leiinga. Først stadfesta leddet over Helse Førde, Helse Vest, at det var kome ei varslarsak. Så stadfesta styreleiar Agnes Landstad i Helse Førde det same.

Difor vart det ekstra viktig å halde seg til det vi viste. At det var ei varslarsak, innmeldt av ein medarbeidar. Den omhandla viseadministrerande direktør. At den var todelt i ein juridisk bit og i ein konflikt mellom leiar og tilsett. Og at det gjaldt påstandar om trakkassering og kritikkverdig leiarstil.

Styret hadde hatt varslarsaka oppe og vedteke å leige inn ekstern hjelp av konsulentfirmaet AFF og advokatfirmaet Steenstrup Stordrange. Men ingen

informasjon var gitt ut, ei heller til tilsette. Kun etter at NRK byrja å grave i saka, vart det sendt ut ei intern melding i Helse Førde. Meldinga avgrensa detaljane til at ein medarbeidar «*seier seg kritisk til ulike tilhøve i verksemda*».

## Forholdet til varslar

**Etikk:** Vi fann ut kven varslaren var, ringde vedkommande, sende SMS, og fekk til slutt beskjed frå kommunikasjonssjef Terje Ulvedal i Helse Førde om at varslar ikkje ønska kontakt med pressa. Dette respekterte vi. Ved eit høve då journalist Brugrand tilfeldig møtte på varslar på offentleg stad forsøkte han på ein forsiktig førespurnad. Den vart kontant avvist, og vi trekte oss høfleg tilbake, og sa at ønsket ville bli respektert. Også med kroppsspråket; armane ned ved sida, og rygge dei første stega tilbake.

## Toppsjef i Helse Førde i varslarsak

Ein medarbeidar i Helse Førde har klaga viseadministrerande direktør Vidar Vie inn for leiinga i helseføretaket. Styreleiar stadfestar at styret handsamar ei varslarsak dei ser alvorleg på.



**Odd Helge Brugrand**  
Journalist

Oppdatert 23.11.2016, kl. 16:01



Artikkelen er  
mer enn ett år  
gammel.

VARSLARSAK: Viseadministrerande direktør Vidar Vie i Helse Førde.  
Foto: BÅRD SIEM / NRK

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/toppsjef-i-helse-forde-i-varselsaksak-1.13240314>

Publiseringa viste seg å bli den berømte snøballen. For den massive kontakten vi hadde med folk og kjelder gav oss nyss i sak nummer to. For samstundes, og visstnok uavhengig av varslarsaka, hadde tillitsapparatet byrja å røre på seg.

Prosessen med omorganiseringa som leiinga hadde forsøkt gjennomføre om sommaren, hadde etter dei tillitsvalde si meining gått galt av stad. 10

fagforbund varsla at dei ikkje lenger hadde tillit til den sitjande føretaksleiinga, og at dei opplevde «grunnleggjande mistillit og store samarbeidsvanskar mellom føretaksleiinga, øvrig leiing og tillitsvalde».

Leiinga vart skulda for uryddige prosessar, dominerande leiarstil og brot på helseføretakslova. At utfallet av omorganiseringa var bestemt på førehand o.l.

Vi ringte alle tillitsvalde. Med nokre heiderlege unntak var dei vanskeleg å få i tale. Det var likevel ikkje slik at vi fekk full oversikt over kva dei hadde levert. Dette var første gang vi kom til kjerna i situasjonen i Helse Førde: Konturane av det som verka å vere ein fryktkultur i helseføretaket. Også folk utanfor tillitsmannsapparatet ville ikkje hjelpe.

Det er her vi igjen minner om det viktigaste i journalistisk gravearbeid; kontakt med folk, og så mange relevante folk som mogleg. Etter mange titalls telefonar, møter og overtalinger fekk vi avkasting.

Vi måtte rett og slett «hjelpe» kjeldene til å hjelpe oss. Med å la dei forstå at informasjon, og i dette tilfelle sjølve dokumentasjonen på mistilliten frå fag forbunda, kunne komme til oss på ulike måtar utan risiko for kjelda.

Slik banka vi lenge nok, og kraftig nok, på muren av frykt, til vi braut i gjennom.

Ein sein kveld kom ein anonym e-post til journalist Brugrand si e-postadresse. Avsendar var «Morgan Kane». I den vedlagte fila låg brevet som varsla at eit nesten samla tillitsmannsapparat ikkje lenger hadde tillit til den sitjande føretaksleiinga, og all dokumentasjon vi trengte.

Etter å ha sjekka at det faktisk var rett brev, var resten rutine. NRK Sogn og Fjordane kunne publisere neste avsløring. Men det er eit poeng at vi den dag i dag ikkje veit med sikkerheit kven avsendaren eigentleg var.

# Full mistillit mot leiinga i Helse Førde

I eit brev til styret uttrykker 10 fagforbund i Helse Førde mistillit til føretaksleiinga og ber styret vurdere om tilstrekkeleg tillit er på plass.



**Odd Helge Brugrand**  
Journalist

Publisert 25.11.2016, kl. 13:07



Artikkelen er  
mer enn ett år  
gammel.

MISTILLIT: Del 10 forbund som varsler mistillit mot føretaksleiinga i Helse Førde, der administrerande direktør Jon Bolstad er ovste leiar, representerer den store majoriteten av dei 2 500 tilsette i helseforetaket.  
Foto: MARIE STAFSNES OSLAND / NRK

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/full-mistillit-mot-leiinga-i-helse-forde-1.13243804>

I vekene som følgde, merka vi meir til det vi tolka som fryktkultur. I arbeidet med å føre saka vidare medan granskinga av helseføretaket gjekk sin gang, snakka vi med svært mange som hadde sterke meininger om situasjonen i Helse Førde. Men svært få ville seie noko offentleg.

Den massive kontakten med kjelder, og jakta på stadig nye kjelder, gav oss nyss i at det var meir. Det fans eit brev... Eit brev ingen visste kven som hadde skrive eller når det var laga. Men det skulle over lengre tid ha sirkulert frå hand til hand på sentralsjukehuset, og det understreka essensen i både varsgarsaka og mistilliten frå dei tillitsvalde: Eit brev med alvorlege påstandar mot viseadministrerande direktør sin leiarstil.

Vi trudde det nesten ikkje. Kven forfattar eit anonymt brev og lar det sirkulere mellom tilsette, nærmast som eit kjedebrev, i staden for å ta situasjonen opp med overordna, eller på andre måtar ta grep i ein situasjon ein finn ikkje haldbar? Slik måtte vere sjølve definisjonen på fryktkultur. Og mest truleg vere ei «nyheitsand».

## **Den løyndomsfulle personen ved bakdøra**

Ei nyheitsand gir seg som kjent ikkje. Det er ein gjentatt, hardnakka påstand om ei stor nyheit, som etter å ha sjekka viser seg å være feil. Vi heldt fram vår massive kontakt med kjelder og andre. Men vi kom stadig attende til dette brevet. Og sjølvsagt hadde mange «sett det». Framleis hadde storyen altså ingrediensane av å vere ei nyheitsand.

Slik heldt det fram til vi kom over kjelder som ikkje *kunne* snakke feil om dette. Journalisten skjønte at han stod overfor ei hard nøtt: Å få tak i dette brevet.

Til slutt fann vi eit spor. Men her slo fryktkulturen inn for fullt. Den som kunne ha noko handfast om brevet var ikkje enkel å be. Og for å gjere historia kort: alle dei mange telefonane, beskjedane, møta og hinta gav til slutt resultat. Ein ettermiddag fekk Brugrand ein telefonsamtale med følgande beskjed:

- Det blir levert eit brev i postkassa til NRK i kveld. Er det folk på huset, be dei ikkje sjå ut om dei høyrer noko ved døra. Vedkommande er redd for å bli attkjent.

Det føregjekk omrent slik, omtalt i artikkelen seinare:

*«Til NRK vart brevet lagt i ein konvolutt og plassert ved bakdøra til NRK Sogn og Fjordane ein sein kveld i november. Vedkommande som kom med brevet skal ha planlagt å legge det i postkassa ved hovudinngangen. Men slo det frå seg då det var lys i lokala, og kveldsvakta kunne sjå personen».*

Der var brevet!

Og som varsla, inneheldt det sterke skuldingar mot viseadministrerande direktør sin leiarstil, og dessutan namna på 16 personar som skulle ha slutta i avdeling Stab og støtte på grunn av han.

Anonyme skuldingar og rykte publiserer vi ikkje i NRK. Heller ikkje om dei står i eit brev. Men dei neste dagane viste at det ikkje berre var NRK som hadde fått brevet. Det var også blitt sendt til administrerande direktør Herlov Nilsen i Helse Vest, og til styreleiar Agnes Landstad i Helse Førde sin private e-post. Dei som granska Helse Førde skulle også ha fått kopi av brevet, fekk vi vite. Med andre ord trakk nokon i trådar. Og brevet ville snart komme i offentlege postlister. Vi måtte få verifisert innhaldet.

Vi bestemte oss for å få tak i dei 16 personane som var lista opp. Her fekk Brugrand hjelp av kollega Asgeir Heimdal Reksnes, som også tidlegare hadde

skrive enkeltsaker i Helse Førde-føljetongen. Saman snakka kollegane med 14 av dei 16 på lista (to svarte ikkje), og fekk stadfesta skuldingane av 10 personar.

- Sju hadde sluttar eller måtte sluttar, på grunn av, eller delvis på grunn av leiarstilen.
- To stadfesta skuldingane om leiarstilen, men at dei sluttar av andre årsaker.
- Ein jobba ikkje under administrerande direktør, slik brevet hevda, men stadfesta skuldingane i det.
- Fire personar stilte seg uforståande eller avvisande til at viseadministrerande direktør hadde ein kritikkverdig leiarstil.

Etter å tilbydd viseadministrerande samtidig imøtegåing, og gitt han god tid til å komme med det, publiserte vi saka.

Det er framleis eit poeng at heller ikkje denne gongen visste NRK kven som hadde lagt brevet ved bakdøra. I ettertid har journalist Brugrand snusa det opp.

## Nytt brev hevdar at medarbeidarar flyktar frå direktør i Helse Førde

Ifylgje eit nytt brev skal 16 leiarar ha sluttar i avdeling Stab og støtte i Helse Førde dei siste åra. Fleire av dei stadfestar til NRK at dei sluttar heilt eller delvis på grunn av viseadministrerande direktør Vidar Vie sin leiarstil.



OMSTRIIDD: Viseadministrerande direktør Vidar Vie i Helse Førde.  
Foto: BENT ARE IVERSEN, FIRDA



**Odd Helge Brugrand**  
Journalist



**Asgeir Heimdal Reksnes**  
Journalist

Publisert 12.12.2016, kl. 05:12



Artikkelen er  
mer enn ett år  
gammel.

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/nytt-brev-hevdar-at-medarbeidarar-flyktar-fra-direktor-i-helse-forde-1.13261577>

## Brevet som mangla ei linje

Etter publiseringa fekk vi ein beskjed frå kommunikasjonssjef Terje Ulvedal i Helse Førde. Brevet som dei hadde journalført inneheldt 15 namn. Medan vårt brev inneheldt 16.

Det var ei uventa vending. Sirkulerte det fleire brev? Var vi blitt lurt?

I praksis hadde det ikkje noko å seie. Vi hadde jo snakka med 14 av personane nemnt i brevet. Men det var ei anna side som uroa: Ei kjelde hadde hevda at brevet ved bakdøra og brevet som var sendt til Helse Førde var kopi av samme brev. Kunne vi då stole på vedkommande? Dette var viktig å få avklart med tanke på det vidare arbeidet.

Det var berre éin måte å finne dette ut på, og det var å sende innsynskrav til Helse Førde. Vi skjønte jo at dette ville bli vanskeleg grunna personvern osb. Men sladd over innhaldet og send heile brevet til oss, var beskjeden vi gav.

Og det fekk vi. Men Helse Førde hadde tusja ut heile innhaldet, slik at brevet kom med ei samanhengande svart blokk over teksten.

- Prøv igjen, svara vi, men ver snill å sladde linje for linje denne gongen.

Helse Førde gjorde så, og voila! Slik kunne vi telle tal linjer i brevet, og samanlikne det med brevet som vi hadde i usladda form. Det viste at kommunikasjonssjefen tala sant. I alle fall inneheldt det journalførte brevet berre 15 linjer der namna var plassert i teksten.

Som nemnt rikka ikkje dette ved saka vår. Men vi oppdaterte den publiserte artikkelen med ei passasje som sa at brevet NRK sat på inneheldt 16 namn, medan det journalførte hjå Helse Førde inneheldt 15.

**Lærdom:** Sjølv om det blir sperra for innsyn i eit dokument, kan kreativ tenking og utradisjonelle løysingar føre til at dokumentet likevel er til hjelp i det journalistiske arbeidet. Grepet gav oss kontroll, også i høve til kvar vi hadde kjeldene våre.


**Påminning:** Det er alltid innhaldet i eit dokument som eventuelt er unntake offentlegheit, aldri det fysiske dokumentet.

**Etikk:** Vi oppdaterte i tråd med den løpende utviklinga i saka, og kom Helse Førde i møte då kommunikasjonssjefen peika på detaljen.

I tillegg til at vi gav viseadministrative direktør tilbod om, og god tid til, samstundes imøtegåing, var det viktig i ei slik sak med sterke skuldingar og dertil påkjenningar for direktøren, å synleggjere tal personar i brevet

som **ikkje** gjekk god for innhaldet. Viseadministrerande direktør ønska for øvrig ikkje å uttale seg til NRK.

Dette er brevet ved bakdøra (med 16 namn). Vi sladda også av personvernomsyn:



Innimellan og etter desse hovudavsløringane var det fleire saker. Vi følgde også den pågåande granskingsa av Helse Førde, og i januar var granskingsa ferdig og konklusjonen klar. Helse Førde fekk mild kritikk. Viseadministrerande direktør vart frikjent for skuldingane om trakassering, men fekk kritikk for leiarstilen.

## Ny rapport: Vie får kritikk for leiarstilen

FØRDE (NRK): Leiaratferda til viseadministrerande direktør Vidar Vie i Helse Førde kan ha vore til hinder for eit forsvarleg arbeidsmiljø for ein varslar i føretaket. Det gjer at styret må ta grep.



**Odd Helge Brugrand**  
Journalist



**Per Kristian Grimeland**  
@PerKristian  
Journalist

© Publisert 27.01.2017, kl. 15:10

FÅR KRITIKK: Vidar Vie er viseadministrerande direktør i Helse Førde.  
Foto: BENT ARE IVERSEN. FIRDA

[https://www.nrk.no/sognogfjordane/ny-rapport\\_-vie-far-kritikk-for-leiarstilen-1.13345622](https://www.nrk.no/sognogfjordane/ny-rapport_-vie-far-kritikk-for-leiarstilen-1.13345622)

3. mars varsla viseadministrerande direktør at han slutta i jobben.

## Vidar Vie trekkjer seg frå Helse Førde-leiinga

Det har den siste tida storma rundt nestsjef i Helse Førde, Vidar Vie. I dag kom meldinga om at Vie trekkjer seg frå leiinga med umiddelbar verknad.



**Geir Bjarte Hjetland**  
Journalist

**Aleksander Åsnes**  
Journalist

**Oddleif Løset**  
Journalist

Oppdatert 03.03.2017, kl. 14.28

GÅR AV: Vidar Vie har vore i hardt vær den siste tida og har bestemt seg for å gå av som viseadministrerende direktør i Helse Førde.  
Foto: NRK

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/vidar-vie-trekkjer-seg-fra-helse-forde-leiinga-1.13407792>

Dei tillitsvalde hadde teke resultatet av granskinga til vitande. Men kjeldetilfanget vårt gav oss nyss i at stemninga snudde, spesielt hjå legane. Vi bad om intervju.

I mellomtida hadde konkurrenten Firda hatt ei sak om mellomleiarar som var misnøgde med konklusjonen i granskinga.

Etter kvart kunne vi avdekke at det ikkje var ro i helseføretaket, at legeforeiningane kravde ny ekstern gransking av Helse Førde, og at dei i praksis bad styre om å fjerne administrerande direktør:

# Legane ber styret i Helse Førde gjere «radikale endringar» i føretaksleiinga

Dei lege-tillitsvalde i Helse Førde meiner det har utvikla seg ein mistillit mot administrerande direktør Jon Bolstad som er så djuptgripande at berre «radikale endringar» kan løyse krisa.



**Odd Helge Brugrand**  
Journalist

Oppdatert 11.04.2017, kl. 11:46

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/legane-ber-styret-i-helse-forde-gjere-radikale-endringar -i-foretaksleiinga-1.13464385>

Styre tok saka opp att til handsaming, og var splitta. Fleirtalet, dei Helse Vest-oppnemnde representantane stod mot dei tillitsvalde representantane, vedtok å sjå framover og avviste ny gransking:

## Her viser dei at dei har tillit til Bolstad

FØRDE (NRK) Eit fleirtal i styret i Helse Førde avviser kritikken frå legeforeiningane og ber tilsetterepresentantane sjå framover. Men styret er splitta.



**Odd Helge Brugrand**  
Journalist

Publisert 28.04.2017, kl. 13:23

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/her-viser-dei-at-dei-har-tillit-til-bolstad-1.13493787>

Men 23. mai varsla administrerande direktør Jon Bolstad at også han hadde sagt opp stillinga si, etter 13 år i jobben, og som den lengst sitjande toppleiaren i eit helseføretak i Norge.

## Jon Bolstad er ferdig som sjef i Helse Førde

Jon Bolstad går av som administrerande direktør i Helse Førde. Han er tilsett som ny administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest.



GÅR AV: Jon Bolstad går av som administrerande direktør i Helse Førde.  
Foto: OLE ANDRE REKKEDAL / NRK

Aleksander Åsnes  
Journalist

Odd Helge Brugrand  
Journalist

© Publisert 23.05.2017, kl. 13:41

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/jon-bolstad-er-ferdig-som-sjef-i-helse-forde-1.13529073>

### Etikk

Vi måtte passe på å ikkje bli brukt i for stor grad i ein eller annan retning. Dokumentasjonen som vart funne som beskrive, sikra oss mot det. Så var det svært viktig å finne moment som tala for leiinga. Vi ønska ei balansert framstilling, men i praksis syntet det seg vanskeleg, fordi leiinga følte at dei ikkje kunne uttale seg sidan dei var under granskning, eller fordi dei ikkje ønska. Til slutt stod dei som ville tala leiinga si sak, opp i eit konkurrerande medium.

I saka om brevet som kritiserte viseadministrerande direktør sin leiarstil, var det viktig å få fram dei som **ikkje** oppfatta leiarstilen som problematisk, og/eller gjekk god for han.

Men diverre var også folk som kunne tale hans sak, varsame med å stå fram. Difor var vi nøye med å fortelje styre sitt syn på saka, og at dei framleis hadde tillit til leiinga. Og vi var påpasselege med å fortelje frå toppleiinga si side då dei hadde høve til det, som då administrerande direktør i styremøte la fram tiltaka for å betre på forholda (i andre samanhengar ville han ikkje kommentere noko).

Kjeldene var mangearta, men stort sett einstydande. Jobben med å bringe vidare motrøyster var vanskelegast, mest fordi få eller ingen ynskte å seie noko offentleg.

Arbeidet med å etterprøve opplysningane stilte ekstra krav til nøysemd, spesielt sidan mykje av dokumentasjonen kom frå anonyme kjelder.

Presseetikken for samtidig imøtegåing vart følgt strengt. Vi var svært medvitne på å gje partane rimeleg tid. Ved fleire høve utsette vi publiseringa i dialog med leiinga i Helse Førde dersom dei meinte dei trengde meir tid på å sjekke opplysningane vi ba om svar på. Samstundes frykta vi at det ville bli starta kjeldejakt om vi gav for lange fristar.

Talet på kjelder er tresifra.

Ein av dei involverte i sakene mista ein nær slektning under arbeidet. Det tok vi omsyn til, etter oppfordring frå Helse Førde, mellom anna ved ikkje å publisere på nokre veker.

## Påverknad

Journalisten opplevde hersketeknikk og forsøk på «vekksnakking» ved minst eit tilfelle i samtale med leiinga, ellers gjekk kontakten med Helse Førde profesjonelt føre seg.

NRK fekk skuldingar på Facebook om at vi dreiv kampanje mot viseadministrerande direktør. Dette vart avvist.

## Konsekvensar

Arbeidet sette søkelys på ein omfattande konflikt mellom tillitsorganisasjonane som representerer nesten alle 2500 tilsette, og leiinga i eit helseføretak som er fylket sin største arbeidsplass. Det avslørte sider ved leiarstilen til toppleiinga som hadde fått medarbeidarar til å slutte eller reise varsgarsak. Og det omtalte ein frytkultur i organisasjonen.

Uten NRK sitt arbeid ville desse sakene fått avgrensa plass i offentlegheiten. Kanskje ville konsekvensane for dei involverte blitt annleis.

Arbeidet sette dagsorden både i nyheitsbildet og i helseføretaket. Det journalistiske arbeidet bidrog til å gjere noko med uroa og konfliktane, ved å bringe sakene ut frå lukka styrerom og inn i flaumlys.

Uroa kunne lett gått ut over ein sårbar tredjepart; pasientane i Sogn og Fjordane. Dette uttala også pasientombodet i Sogn og Fjordane i ein artikkel og radiosak i NRK.

Då arbeidet vårt med Helse Førde fekk ein ende sommaren 2017, hadde dette skjedd av konsekvensar:

- Helseføretaket var blitt granska av eksterne konsulentar og fått kritikk (januar).
- Tiltak var utarbeida og sett inn for å betre på situasjonen (februar/mars)
- I mars slutta viseadministrerande direktør Vidar Vie i jobben. Han gjekk over i ei stilling som spesialrådgjevar i Helse Førde.
- I mai slutta administrerande direktør Jon Bolstad. Han forlét Helse Førde og byrja i ny jobb som administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest.

Vedlegg: Fullstendig liste over artiklar, med lenker.